



Princess 54 til Martin Holme kjem på plass i Øyro, overvaka av hamnevert Egil Høgemark. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ikkje berre i båtlaghamna det vart sett årsrekord med 53 gjestebåtar natt til søndag. Det var også fullt i Øyro Marina med 16 båtar, fortel hamnevert Egil Høgemark til uskedalen.no

Han gjev også uttrykk for eit luksusproblem - båtane har vorte så store!

Tilsaman var det med andre ord 69 gjestebåtar i Uskedalen denne natta.

I føremiddag kom ein velvaksen båt til på plass i Øyro.

Martin Holme med familie frå Haugesund såg fram til eit nytt opphald på ein plass der han har vore før og vorte begeistra for: - Uskedalen er flott, ikkje minst for ungane, sa Martin som opprinneleg er bømbling.

Båten hans er ein nyinnkjøpt Princess 54 og akkurat no er den nok størst i hamnane våre.

Men Martin preiserar at den eigentleg er midt på treet i familien ettersom den største Princess måler 105 fot!.

Martins båt er ein 2006-modell og ny kosta den 10 millionar medan noverande eigar måtte punga ut med 6,5 millionar.

Karakteristisk nok har Martin kalla båten 'No shame'!

(Av Ola Matti Mathisen)